



Frekhaug, 7/12-89

Dei 9 medlemslaga og Meland kommune, ved to valde representantar frå kvar, erklærer med underskrivinga av dette dokumentet "Stiftinga Nordgardsløa" for skipa med kr. 59.000,- i grunnkapital.

Vedtexter for
stiftinga
"NORDGARDSLØA"

§ 1 - Føremål

Stiftinga skal driva Nordgardsløa som allaktivitetshus for å fremma eit breitt og levande kulturtilbod for alle aldersgrupper. Tilboda bør skapa kontakt mellom generasjonane, og i plan- og tilrettelegging skal ein ta omsyn til alle grupper. Ein bør arbeida for god kontakt med til dømes sjukeheim, eidresenter, barnehagar og skular.

§ 2 - Ansvar og verksemd

Stiftinga "Nordgardsløa" er ein sjølvstendig juridisk person som eig seg sjølv. Ingen medlemslag har rett på stiftinga sine midlar, og dei svarar ikkje for stiftinga si gjeld.

Alle lag og organisasjonar i Nordhordland som verkar i Meland kommuna kan søkja om å verta medlemar. Medlemskap vert gjeve av årsmøtet med vanleg fleirtal.

Årsmøtet er stiftinga sitt høgaste organ, og vedtek retningslinjer for drifta. Årsmøtet oppneener også stiftinga sine andre organ. Dersom styre ikkje vert oppneent, fungerer årsmøtet som styre.

Ved innmelding betaler medlemslaga innskot til stiftinga sin grunnkapital, dei betaler kontingent kvart år, dei gjer dugnadsarbeid, og dei sender representantar til stiftinga sine organ, alt slik årsmøtet vedtek.

Meland kommune er medlem av stiftinga, men har ikkje noko økonomisk forplikting overfor ho forutan overføringa av Nordgardsløa. Kommunen betaler ikkje kontingent, og står fritt når det gjeld andre tilskot m.v. til stiftinga.

Dersom medlemane gjennom lengre tid ikkje finn å kunna driva stiftinga etter føremålet, kan årsmøtet med 3/4 fleirtal vedta å la Meland kommune peika ut eit nytt årsmøte. Dette veli då fritt mellom å driva stiftinga vidare, omdanna eller oppløysa ho.

Ved oppløysing går Nordgardsløa med tilhøyrande tomt attende til Meland kommune.

Påkostningar på bygningen etter at stiftinga er oppretta skal takserast. Denne verdiaken, med unntak av offentlege tilskot, vert i høve oppløysing fordeilt ikt mellom dei andre medlemslaga i stiftinga.

§ 3 - Skiping og val

Stiftinga vert skipa ved at 2 valde representantar frå Meland kommune og kvart av dei 9 laga nemnd i § 4 møtast. I skipingsmøtet skyt laga inn kr. 1000,- kvar til grunnkapitalen. Meland kommune sitt innskot vert Nordgardsløa med tilhøyrande tomt.

Representantane stadfestar dette med å skriva under eit eksemplar av vedtektene. Dette vert då skipingsdokumentet. Når skipingsdokumentet er underskrive, går møtet over til å verta det første årsmøtet i stiftinga. Til seinare årsmøte vert 2 representantar valt av kvart medlemslag og 2 representantar av Meland kommune.

Årsmøtet skal først syta for at Nordgardsløa vert teke forneit over av stiftinga. Deretter skal det syta for å byggja ut og driva stiftinga etter desse vedtektene.

Styremedlemene vert valde for 2 år om gongen, slik at halve styret står for val kvart år. Dersom stiftinga har tilsette, kan dei verta valde til alle organ utan årsmøtet.

Meland kommune har rett til å verta representert i styret.

§ 4 - Stiftarar, medlemar og grunnkapital

Stiftarane er her nemnde i den rekkefølgja dei er komne med i arbeidet med skipinga:

Frekhaug Husmorlag
Meland kommune
Meland Mållag
Meland Helselag
Meland lag av Norges Blindeforbund
Meland lokallag av NFFU
Nordhordland Brevdueklubb
Framtida i Våre Hender
Nordhordland Seglforening
Frekhaug Karateklubb

Stiftarane er samstundes dei første medlemane i "Nordgardsløa".

Styret fører oversyn over alle lag som sidan vert medlemar, og over gaver, tilskot, dugnad m.v. som tilfall stiftinga.

Medlemslag som ikkje betaler kontingent, misser retten til å velja representantar til årsmøtet. Dei vinn attende denne retten når dei har betalt kontingent for 2 år.

Stiftinga sin grunnkapital vert såleis kr. 9000,- i tillegg til Nordgardsløa med tilhøyrande tomt.

Meland K. Fritidsklubb *Gjerd Bjeland*
Mental Helse, Meland
Sagstad skulekorps
Mhl. Jakt-ogfiskelag
Kristent Fellesskap

Frekhaug Husmorlag: *Tordis og Bjarne* Gro Fjeldstad, Meland lag av NBF:

Meland Mållag: *Heide og Erik* Anst. Brakstad, Nordhordland Brevdueklubb: *Kjell Fok*

Meland Helselag: *Siv N. Thorsen* Inger Johanne Agne Fos, Frekhaug Karateklubb: *Per Arne*

Meland Kommune: *Anne J. Sakstad* Olav Tveit, Framtida i Våre Hender: *Mon. Kestel* Harit Tveit

Nordhordland lokallag, NFFU: *Arne Dale* *Yngve* Nordhordland Seglforening: *Gunn Helle* *Arne*